

Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ Anne Johanne Rognstad og Erlend Støle Hansen
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 09.05.2017

Fråsegn gjeldande søknad om Tokheimselva kraftverk, Odda kommune

Vi syner til brev 25. januar 2017 frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om «Søknad om tillatelse til å bygge tre småkraftverk i Odda kommune i Hordaland – høring» (NVE saksnummer 201205849).

Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største friluftsansjasjon med 29.257 medlemmer. Vi arbeider for eit aktivt, sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Vi arbeider også for natur, kultur og miljøvern på områder med tilknytning til laget si verksemd.

Konklusjon: Grunna konflikt med friluftsliv-, reiseliv-, kulturminne-, landskapsverdiar, konsekvensar for desse verdiane og omsynet til samla last av energitekniske inngrep i Hardangerfjordregionen, så ber vi NVE om ikkje å gje løyve til planane om Tokheimselva kraftverk.

Grunngjeving: Vannressursloven § 25 legg vekt på at konsesjon berre kan tildelast dersom føremonene med tiltaket overstig «skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet». Det er knytta allmenne interesser til Tokheimsvassdraget. Spørsmålet vert då om planane om Tokheimselva kraftverk eventuelt vil vera til skade og om prosjektet representerer eventuelle ulemper for dei allmenne interessene knytta til Tokheimselva. Utbygginga vil føra til ei redusert vassføring på om lag 2350 m lang strekning av Tokheimselva. Det er søkt om eit minstevassføringsregime på 50 l/s i perioden 1.5-30.6, 275 l/s i perioden 1.7-30.9 og 15 l/s resten av året. Inntaket er tenkt plassert på kote 540 moh. Det er fleire løp i elva, og inntaksløsinga er tenkt utforma slik at den samlar løpa mot inntakskulpen på nordsida av elveløpet. Ein sperreterskel på om lag 2 m høgde i betong er planlagt som inntakskulp med eit volum på om lag 500 – 1000 m³. Ei nedgravd røyrgate er planlagt på nordsida av elva med ei lengde på 1600 meter. Det

er planlagt to separate kraftstasjonar (éin på kote 135 moh. og éin på kote 5 moh. eller 40 moh.). Det er estimert at dei to kraftstasjonane vil ha ein årleg produksjon på til saman 26,5 GWh. Vi meiner at planane om Tokheimselva kraftverk vil vera i konflikt med allmenne interesser:

- **Friluftsliv:** T-merka rute opp Tokheimslia går langsmed Tokheimselva. Dette området er i den regionale friluftslivkartlegginga kartlagt som «Store turområder uten tilrettelegging» og gitt verdi «Svært viktig». T-merka rute som går til Holmaskjer er mykje brukt av både lokale, regionale og nasjonale brukarar. Stien er rekna som regionalt svært viktig i kartlegginga. Stien går langsmed Tokheimselva og ein får på fleire punkt langs stien innsynspunkt til elva. Natur- og friluftslivopplevinga er tett knytta til Tokheimsvassdraget i dette området. Fleire stader er det innsyn frå stien mot elva og landskapet på nordsida.
- **Kulturminneverdi:** I 2002 vart ridestien frå Tokheim mot Sunndal restaurert. Den opprinnelege ridestien var frå 1902. Det er ikkje utført registreringar på den gamle ridestien i Tokheimslia. I kommunedelplan for kulturminner Odda kommune 2017 – 2022 har som målsetjing «Registrering og kartfesting av ridestien i Tokheimslia 3. prioritering, innen 2022». I rapporten «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland» har Riksantikvaren trukke fram Indre Sørfjorden. I innleiinga til rapporten viser Riksantikvaren til: «Den europeiske landskapskonvensjonen, som Noreg har slutta seg til, legg vekt på at landskapet er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvaltning og vern. Til dette trengs det m.a. oversyn over landskapsverdiane. Konvensjonen oppmodar difor til å kartleggje og prioritere landskap. Kulturminneforvaltninga har eit særleg ansvar for å halde oversyn over kulturhistorisk verdifulle landskap». Turistvegen over Folgefonna vart opna som Historisk vandrerute i 2015 i eit samarbeid mellom DNT og Riksantikvaren. Føremålet med prosjektet «Historiske vandreruter» er å auka kjennskapen til og bruk av gamle ferdselsruter med kulturhistorisk verdi og friluftslivskvalitetar.
- **Landskap:** I den regionale kartlegging av landskap i Hordaland (NIJOS-standard) er fjordlandskapet i Sørfjorden verdisatt til «Stor verdi», jf. rapporten «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke: Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap» (Clemetsen, Uttakleiv og Skjerdal, 2011). Tokheimselva er eit synleg og viktig landskapselement i fossefjordlandskapet. I retningslinjene frå Olje- og energidepartementet om små vasskraftverk (2007) er det vektlagt, s. 15, «Inngrep som medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av dominerende landskapselementer, for eksempel fosser i fossefjordlandskap, bør som hovedregel unngås». Landskapsmessig mangfald inngår som del av definisjonen av naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 3 bokstav i. Paragraf 1 i naturmangfaldlova legg til grunn at landskapsmessig mangfald også vert tatt vare på gjennom berekraftig bruk og vern.
- **Reiseliv:** Odda kommune har lokale, regionale, nasjonale og internasjonale interesser knytta til besøksmål som Trolltunga. Det føreligg difor også eit stort potensial til å utvikla ei naturbasert reiselivsnæring knytta til andre besøksmål i kommunen. Stien opp Tokheimsliva har eit stort potensial for naturbasert reiselivsnæring, og vert også nytta som ferdselsveg for naturbasert reiselivsnæring i dag. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021 nemner at delområde Sørfjorden: «Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep».
- **Nærleik til Buer landskapsvernområde:** Inntaka er plassert svært nær grensene for Buer landskapsvernområde (FOR-2005-04-29-393) med ein avstand på 25 meter (kanalinntak) og 37 meter (hovudinntak). Føremålet med Buer landskapsvernområde er 1) «ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i

naturen frå dalføret opp mot høgjellet», 2) «sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald», 3) «sikre verdfull vassdragsnatur» og 4) «verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne». Vi ber NVE vurdere om plassering av inntak så nær landskapsvernområdet kan verke inn på det overordna førmålet med landskapsvernet.

- **Tidlegare handsaming av spørsmålet om kraftutbygging i Tokheimselva:** Ei større utbygging var planlagt i Eitrheim- og Tokheimsvassdraget (NVE saksnummer 200204675). Prosjektet ville ha gjeve ein årleg kraftproduksjon på 97,10 GWh og inneholdt forslag til regulering av vatn som no ligg innanfor landskapsvernområdet. Prosjektet vart avslått med omsyn til verdiane i Eitrheim- og Tokheimsvassdraget. Miljøverndepartementet la i denne saka vekt på innspela frå Fylkesmannen i Hordaland og Direktoratet for naturforvaltning. Verdien området har som oppmarsjområde til Folgefonna frå Odda, friluftslivinteressene langs den opprusta ridestien frå Egne Hjem opp lia gjennom Støladalen og til Holmaskjer turisthytte og redusert vassføring langs turvegen vart vektlagt. Moment knytta til oppmarsjområde, friluftsliv, landskap og omsynet til å ivareta vassføringa i Tokheimselva er også relevant i høve planane om Tokheimselva kraftverk.

Sumverknader

Vilkåret i første setning i Vannressursloven § 25 er å tolka som eit minstekrav. I førearbeidene til vassressurslova vert det også lagt vekt på at sumverknader av mange slike tiltak er eit relevant moment å leggja til grunn. I tillegg stiller naturmangfaldlova § 10 opp eit prinsipp om å vurdere samla last for økosystem. Økosystem er definert i naturmangfaldlova § 3 bokstav t: «et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet». Det er naturleg å tolka dette vilkåret til å gjelda samla last for akvatiske økosystem i området, og eventuelle konsekvensar for vassdragstilknytta habitat, landskapsøkologiske funksjonar, artar eller naturtypar. I forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlovar (FOR-2014-12-19-1758), vedlegg IV, bokstav b, vert dette utdjupe: «Det skal gjøres en vurdering av samlet miljøbelastning av tiltaket sett i sammenheng med andre eksisterende og planlagte tiltak og påvirkningsfaktorer i tiltakets influensområde». Eit tilsvarande krav følgjer av «Retningslinjer for små vannkraftverk – til bruk for utarbeidelse av regionale planer og i NVE's konsesjonsbehandling» frå Olje- og energidepartementet (2007). Retningslinjene skal leggjast til grunn der det ikkje føreligg tematisk regional plan, eller der tematisk regional plan ikkje dekkjer eit relevant vurderingsmoment. Retningslinjene viser at relevant for sumverknadvurderinga er landskapsrom som avgrensa delområder, og det vert vist til fjordane: «På Vestlandet danner fjordområder ofte markerte landskapsrom, hvor fjordspeil og bratte dalsider med elver som renner i fosser og stryk danner karakteristiske elementer i landskapet. Generelt gir et fysisk inngrep i en del av landskapsrommet en visuell virkning i andre deler av det samme landskapsrommet. En slik romlig avgrensning vil kunne gjøre det enklere å identifisere mulige sumvirkninger av flere småkraftprosjekter. Avgrensningen av landskapsrom bør likevel følge nedbørfeltgrensene i størst mulig grad». I «Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021: Justert etter handsaming i Miljøverndepartementet» er Sørfjorden å rekna som eit eige delområde. Delområdet vert i fylkesdelplanen, s. 59, skildra som: «Heile fjordlandskapet, med djupskårne fjordar, bratte fjell med islett av kulturlandskap, er vurdert å ha stor verdi og vert sett på som unikt i nasjonal målestokk. Landskapsrommet Sørfjorden fortsett sørover i Oddadalen, som er eit landskap av stor verdi». Regional plan, s. 60, viser til at «Området har oppgangssoner både til Folgefonna nasjonalpark og Hardangervidda nasjonalpark, og ut frå at vassdragsnaturen i delar av området er sterkt påverka av store vasskraftutbyggingar vert det viktig å vurdere sumverknad for området ved nye prosjekt». T-merka rute opp Tokheimslia langs Tokheimselva er ei slik «oppgangssone» til Folgefonna nasjonalpark. Stien er ein svært viktig del av det merka stisystemet til Bergen og Hordaland Turlag. Dette er den mest brukte oppgangen til Fonna frå aust, og ein kjem raskt og lett høgt til fjells med flott utsyn mot Sørfjorden. T-merka rute fører mellom anna til

Holmaskjer turisthytte, som er den næraste turisthytta i dette området. Det er få gjenverande vassdrag som ikkje er nytta til vasskraftproduksjon i dette området. Med omsyn til samla last og energitekniske inngrep i dette området, så vil vi be NVE om ikkje å tillate konsesjon til dette prosjektet slik at vi kan ivareta området sin verdi for friluftsliv, reiseliv, landskap og kulturmiljø. Fjordlandskapet i indre Hardanger, Sjørfjorden, er å rekna som fjordlandskap i klasse A, som tyder «område der dei samla komponentane har kvalitetar som gjer landskapet eineståande og serskilt opplevingsrikt».

Odda kommune bidrar med om lag 5 TWh i årleg fornybar kraftproduksjon. Det er gjennomført fleire tyngre, energitekniske inngrep i fjellområda på både sider av Sjørfjorden og i vassdrag som renn frå fjell og breplatået til Sjørfjorden. Omsynet til "samla belastning" tilseier at ein også vurderer inngrep som er fullført, vedtatt, planlagt og omsøkt i forhold til økosystem og naturmangfald. Det er allereie gjennomført vassdragstekniske inngrep i Tokheimsvassdraget. Boliden Odda AS nyttar uttak frå Tokheimselva til ferskvatnforsyning. Blåvatnet i øvre del av Tokheimsvassdraget er regulert med ein dam. Inntaket er plassert på kote 135 moh. og her er det ein inntaksdam med eit volum på 4000 m³. Vi meiner at ytterlegare reguleringar av Tokheimselva vil forringa natur- og friluftslivopplevinga, sidan dette vil medføre eit vassføringsregime kor det vil verte endå mindre vatn i elveløpet. I tillegg vil etablering av ei røyrgate i terrenget skapa eit landskapssår. Riktignok kan den nedgravde røyrgatetraseen arronderast og kan tilsåast, men røyrgatetraseen må haldast fri for større trevekstar. Landskapsinngrepet og redusert vassføring i elva vil vera synlege inngrep og vil medverke til å endra landskapskarakteren. Tokheimselva er godt synleg på avstand som eit viktig element i fossefjordlandskapet. T-merka rute går i første partiet gjennom skog som skjermar, men på utvalgte punkt er det godt innsyn mot elva og landskapet. Vi meiner likevel at redusert vassføring og tilhøyrande inngrep langs elva vil vera til skade og ulempe for friluftslivinteressene, landskap og naturopplevinga.

Vi viser til Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland si fråsegn om Tokheimselva kraftverk som vi støttar.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Vedlegg: Bilete frå T-merka rute langs Tokheimselva, kulturhistorie og landskap.